



STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale - oppstart - kommuneplan - Stranda - Rv 15 Strynefjellet - kommunedelplan - ny Strynefjellstunnel med arm til Geiranger

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for Rv.15 Strynefjellet med arm til Geiranger og høyring av planprogram. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny tunnel mellom Skora i Hjelledalen i Stryn kommune og Breiddalen i Skjåk kommune, og i tillegg tunnelarm (fylkesveg 63) til Geiranger i Stranda kommune.

Stortinga har fatta vedtak om å framskynde arbeidet med ny Rv.15 Strynefjellet, inkludert arm til Geiranger i Nasjonal transportplan 2025-2036, samt sikre oppstart i første seksårsperiode.

Statens vegvesen er tiltakshavar og forlagsstillar for plana, i samarbeid med kommunane Stryn, Skjåk og Stranda kommune, som er planmyndigheit.

Planarbeidet omfattar tre kommunar og tre fylke. Vår uttale vil fokusere på areal innafør Stranda kommune og Møre og Romsdal fylke, som ligg under vårt ansvarsområde.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Det er store naturverdiar innafør planområdet. Vegprosjektet vil utgjere eit stort inngrep i området, med tunnel, veg i dagen, riggområde og massedeponi i Opplendskedalen. Planområdet ligg innafør Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarven Vestlandsk fjordlandskap. Tiltaket vil vidare råke ved leveområde for villrein, som er ein art Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på. Geirangerelva er eit verna vassdrag.

Naturmangfald

Vi ber om at heile planområdet i Opplendskedalen blir NIN-kartlagt, jf. Miljødirektoratet sin instruks. Dette gjeld for område der det er planlagt inngrep; både midlertidige og permanente inngrep. Vidare bør alt areal der det er planlagt tiltak andre stader i Stranda kommune NIN-kartleggast.

Villrein

Noreg har det største attverande området med villrein i Europa. Villrein er ein nært truga art på den norske raudlista og ein truga art på den globale raudlista. Vidare er villrein rekna som ein ansvarsart. Noreg har eit særleg internasjonalt ansvar for å sikre både bestanden og leveområda.

Villrein treng store, samanhengande og lite forstyrta fjellområde for å kunne leve naturleg. Tap og oppstykking av leveområde er peika på som ei av dei største utfordringane for arten. God arealforvaltning er avgjerande for å sikre at villreinen kan bruke heile det naturlege leveområdet sitt, og for å oppfylle Noreg sitt internasjonale ansvar.

Vi viser til Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen sin uttale og støttar deira vurdering og tilråding. Vi oppfordrar til å betre tilhøva for villrein innafor Stranda kommune ved å fjerne høve til å parkere og campe i nærleiken av villreintrekket over Fv. 63 ved Kolbeinsreset. Vi rår også til at det blir gjort ei vurdering av å stenge Fv. 63 for motorferdsel, særleg i området ved trekket, om ny tunnel blir bygd.

Landskap

Vi føreset utarbeiding av illustrasjonar av landskapsverknader av svært høg kvalitet, da området har nasjonal og internasjonal verdi. Dette gjeld alle tiltak i Opplendskedalen, inkludert tunnelpåhugg, veg, bru, og massedeponi.

Friluftsliv

Av planprogrammet går det fram at eksisterande materiale for utgreiing av friluftsliv blant anna er Naturbase. Stranda kommune har ikkje gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde jf. [rettleiar til Miljødirektoratet](#). Det er derfor sparsamt med faktagrunnlag for friluftslivsområde som ligg i naturbase for Stranda. De må derfor aktivt innhente informasjon frå Stranda kommune, andre databasar, organisasjonar og innbyggjarar for å kartlegge om det er viktige friluftslivsområde som blir berørt. Sjå rettleiaren for meir informasjon om dette.

Verdsarv

I 2005 vart Vestlandsk fjordlandskap, som omfattar delområda Nærøyfjorden og Geirangerfjorden innskrive på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvområda utgjer ein felles arv som er umisteleg for menneskeheita, på tvers av landegrensene. Noreg er forplikta til å ta vare på verdsarvområda. Noreg har ein ambisjon om at verdsarvområda skal forvaltast som fyrtårn for beste praksis innafor natur- og kulturmiljøforvaltning.

Vestlandsk fjordlandskap reknast som eit av dei mest dramatiske, uberørte og geologisk betydingsfulle fjordlandskapa i verda. Fylkeskommunen har i sin uttale gjort ei nærare utgreiing av grunnlaget for innskriving på verdsarvlista, og vi viser til dette. Eit vegprosjekt av denne storleiken som planarbeidet legg opp til er svært utfordrande i eit verdsarvområde, og store infrastrukturprosjekt er også sett på som ein av trugslane mot den internasjonale naturarven.

Verdsarvområde er oppretta for å sikre framifrå universelle verdiar (FUV). Kva som utgjer FUV for det enkelte området eller objektet, er definert i innskrivingsvedtaket til konvensjonen. Vurdering av

mogleg påverknad på FUV er ein sentral del av utgreiingar knytt til planar eller tiltak i verdsarvområde. Desse utgreiingane må gjennomførast etter metodikk utvikla av Unesco; [Guidance and Toolkit for Impact Assessments in a World Heritage Context \(2022\)](#).

Det er utarbeidd eit dokument i regi av Miljødirektoratet der FUV-en er brote ned til meir konkrete verneverdiar for verdsarvområdet Vestlandsk fjordlandskap. Ei slik opplisting gjer det enklare å passe på at noko ikkje er utegløymt når ein skal vurdere konsekvensar. Vi gjer merksam på at dette dokumentet kan bli oppdatert, blant anna som følgje av ny kunnskap om naturmangfald. Vi legg ved siste versjon av dette dokumentet som vedlegg.

Dersom det blir gjort inngrep som kan ha negative verknader for FUV, kan dette føre til at området mistar statusen som verdsarvområde. Det er UNESCO som vurderer slike konsekvensar. Ved utgreiing av planar eller tiltak som kan påverke FUV, skal det vere dialog med UNESCO, slik at dei får høve til å vurdere planforslaget og konsekvensane av det. Når konsekvensutgreiing for verdsarv er utarbeidd må denne oversendast UNESCO for vurdering.

IUCN, UNESCO sitt rådgivande organ, er allereie kjent med planane om eit vegprosjekt her, og har i rapport «IUCNs Rådgivende befaring Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden og Nærøysfjorden (Norge) 29.juni til 1.juli 2022 (september 2022)» uttalt følgjande:

«Mulighetene for å komme seg til Geiranger med bil er begrenset om vinteren på grunn av høy skredfare. Det er nylig bygget en ny tunnel nord for Geiranger som skal gi veiforbindelse fra nord. Fra sør finnes det fortsatt bare én vei, og den går over fjellene i stor høyde. Ifølge forvalteren av verdensarvområdet gir begrenset veiforbindelsene en rekke sosioøkonomiske effekter på innbyggerne, og det påvirker reiselivsnæringen negativt. Stranda kommune fortalte IUCN om de innledende planene om å bygge en ny vei og tunnel i Flydalen–Dalsnibba-området, som ligger delvis innenfor verdensarvområdet. Dette ville gjøre Geiranger enklere å komme til med bil fra sør også om vinteren. Ifølge informasjonen IUCN fikk, kan ikke den nye veien bygges uten at et våtmarksområde i Opplandskedalen dreneres (se figur 9).

IUCN mener at et nytt vei- og tunnelprosjekt av denne størrelsen kan påvirke den fremragende universelle verdien. Derfor må en rekke faktorer utredes grundig før det tas noen beslutning om å fortsette med dette prosjektet, slik som den visuelle, den geologiske og den geomorfologiske integriteten til verdensarvområdet, hvilken effekt det har å drenere våtmark og øke tilgjengeligheten til en del av verdensarvområdet som allerede har høy pågang fra turismen, og de kumulative virkningene som står beskrevet i kapittel 4.3. IUCN anbefaler at mulige virkninger vurderes i tråd med veilederen for konsekvensutredninger i verdensarvsammenheng».

Det er viktig at verdsarvverdiane blir ivaretatt jf. forpliktingane i verdsarvkonsesjonen. Regjeringa har ei forventning om at omsynet til verdsarvverdiane blir sikra gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging, jf. [Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#). Dette vegprosjektet er eit av mange store tiltak som er under planlegging innafor verdsarven Vestlandsk fjordlandskap, både i Nærøysfjord- og Geirangerområdet. IUCN har anbefalt at desse prosjekta blir vurdert heilskapleg gjennom ein felles overordna plan for begge delområda. Miljødirektoratet og Riksantikvaren har etter dette bedt forvaltinga om å løyse dette gjennom utarbeiding av ein felles regional plan for begge delområda. Ei overordna vurdering av alle tiltak på ein gong kan sikre ei prioritering av naudsynte tiltak framfor mindre viktige prosjekt, og som sikrar at totalavtrykket for verdsarvverdiane ikkje blir for store. Vi viser til fylkeskommunen sin uttale for status på dette arbeidet. I påvente av ein slik plan må dei enkelte planforslaga gjere ei vurdering av kumulative verknader for verdsarven ut frå den kunnskapen som er tilgjengeleg om utførte og planlagde større tiltak innafor verdsarvområdet.

Ei utgreiing av konsekvensar for verdsarv etter KUVA-metodikken omfattar fleire tema. Utgreiingar frå ulike fagtema i samsvar med KU- forskrifta kan nyttast som grunnlag for utgreiing av verdsarv. Vi rår til at det blir utarbeidd ein eigen rapport om verdsarv, som samlar relevant informasjon frå dei andre fagrapportane. Metodikken er såpass ny at det ikkje er mange døme på utførte konsekvensutgreiingar som er gjort i tråd med rettleiaren. Men, vi har eit par døme frå Vega og Bergen vi kan sende over om ønskeleg.

Vi saknar elles forvaltningsplan for Vestlandsk fjordlandskap delområde Geiranger i opplistinga av rammar og føringar. UNESCO sin rettleiar til utarbeiding av konsekvensutgreiing kan også med fordel nemnast i dette kapittelet.

Statsforvaltaren vil vurdere å fremme **motsegn** om planforslaget kjem i konflikt med verdsarvområde, jf. rundskriv [T-2/16](#) punkt 3.9.

Massedeponi

Vegprosjektet vil generere store mengder overskotsmassar. Det er planlagt å gjennomføre tre kommunedelplanar. Ein for sjølve vegprosjektet, og to kommunedelplanar for massedeponering, ein i Skjåk kommune og ein i Stryn kommune. For Stranda kommune skal masselagring avklarast i denne plana.

Slik vi les planprogrammet er det berre Kophola som skal utgreiast som masselager i Stranda, i tillegg til at det kan vere aktuelt med oppfylling med tunnelstein på dyrka mark for å gjere dei mindre utsette for flaum. Det er snakk om om lag 1,5 millionar m³ som skal plasserast i Kophola. Dette er eit omfattande terrenginngrep som vil endre landskapet og naturmangfaldet rundt Kophola, og som ikkje vil vere i tråd med å ta vare på verdsarvverdiane. Det må utgreiast alternative løysingar der ein ikkje legg masselagra i Opplendskedalen og innafor verdsarvområdet. Dette kan omfatte alternativ som føreset einseitig drift frå rv.15. Vi varslar at ei mangelfull alternativsvurdering vil kunne gje grunnlag for at vi fremmer **motsegn** til plana. Når det gjeld oppfylling med tunnelstein på dyrka mark har vi ikkje nok detaljer om planane til å ta stilling til dette. Opplendskedalen ligg i eit viktig landskapsvernområde og verdsarvområde, og vi minner igjen om at alle tiltak må planleggast med dette som utgangspunkt. Korleis desse planane vil samsvare med ivaretaking av våre ansvarsområde avhenger av mengde massar, arealkonfliktar og dokumentert nytte. Vi forventar at dette blir godt opplyst i planforslaget.

Vassdrag

Geirangerelva er eit verna vassdrag, og dette må det takast spesielt omsyn til både i planprosessen og i anleggsperioden. Avstanden over elva er 12-15 meter, og med eit såpass kort spenn forventar Statsforvaltaren ei bru der ein verken treng tiltak i sjølve elva eller i kantsona. Bevaring av [kantvegetasjonen](#) under og langsmed brua bidrar som både viltpassasje og leveområde for ei rekkje artar, og som buffersone til elva med omsyn til avrenning frå vegbana. Ut i frå skisserte alternativ vurderer vi foreløpig C2 som best for vassdragsmiljøet og verneverdiane i elva.

Geirangerelva øvre del har til tider lav vassføring, og er difor ein sær sårbar vassførekomst og resipient med omsyn til eventuell påverknad frå tunellvatn, både under bygging og drift. Det gjeld både [partikkelforureining, olje- og kjemikaliespill frå maskiner, utstyr og utslepp frå riggområde, tilførsel av nitrogenhaldige næringssaltforbindelser frå sprengstoff, høg pH som følgje av sementforbruk og avrenning frå injiseringsarbeid i tunnel](#). I driftsfasen er det i hovudsak utslepp frå vask av tunnelen som må ivaretakast.

Korleis ny rv15 vil påverke tilstand og miljømål må utgreiast i tråd med vassforskrifta § 12. Tiltakshavar må finne løysingar som gjer at Geirangerelva ikkje vert råka og får ein dårlegare kjemisk og økologisk tilstand enn dagens situasjon. Ettersom Geirangerelva er eit verna vassdrag vil vi vurdere **motsegn** til ei plan som gjev auka risiko for å ikkje nå miljømåla og utfordrar verneverdiane i vassdraget.

Landbruk

I Opplenskedalen vil tilkomstvegen til tunellen krysse dyrka mark i eit viktig landbruksområde med større samanhengande areal for matproduksjon. Ved val av linjeføring lyt ein gjere avvegingar mellom areal for nedbygging og at det ikkje vert ståande igjen restareal som eventuelt står i fare for å gå ut av produksjon pga. driftsulemper eller dårleg arrondering. Slik sett er alternativ C2 moglegvis å føretrekkje for landbruksinteressene. Det er også viktig at eigarar av inn- og utmark får god tilgang til aktuelle driftsveggar.

Tiltakshavar må forvente at det vert stilt krav om nydyrking som kompenserande tiltak, og då minimum i storleik 1:1 for å dekke faktisk nedbygd areal og driftsulemper som følgje av tiltaket. Det bør utarbeidast ei matjordplan der rettleiaren [Jordmassar – frå problem til ressurs](#) vert lagt til grunn. Nydyrkingsarealet må vere klart for mottak av matjord utan at denne vert liggjande i mellombels deponi. Nydyrkingsareal må avklarast med ein matprodusent i aktiv drift, søkast om og godkjennast av kommunen før anleggsarbeidet vert igangsett. Arealet bør vere ei utviding av eksisterande dyrka mark i aktiv drift. Konsekvensar av nydyrkingsareala må også utgreiast, slik at ein dokumenterer at planane er gjennomførbare.

Jordvernet har over tid vorte særskild innskjerpa med omsyn til mål om auka matproduksjon, nasjonal sjølvforsyning og beredskap. Vi forventar at planmyndigheita og tiltakshavar strekkjer seg langt for å redusere negative konsekvensar for landbruksnæringa og matproduksjonen i Opplenskedalen.

Med bakgrunn i nasjonal jordvernstrategi, regionalt jordvernmål og [rundskriv M-1/2025](#) vil Statsforvaltaren fremme **motsegn** til ein kommunedelplan som ikkje ivaretek jordbruksinteressene i tilstrekkeleg grad.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging - klima

I planprogrammet står det at det vil vere behov for å utgreie tiltak for å redusere inngrep i karbonrike areal, spesielt myrområde. Vi minner om tiltakshierarkiet som seier at første prioritet er å unngå inngrep. Først der dette ikkje er mogleg, skal ein jobbe med å avgrense skade. Istandsetting og kompensasjon følgjer etter dette. For å ta vare på myrområde må ein også sikre tilhøyrande vassveggar for å oppretthalde hydrologien til myrområda.

Støy

Støy skal utgreiast. Vi ber også om at det blir gjort ei enkel analyse av eventuelle endringar i støy vidare ned i dalen/Geiranger som følgje av vegprosjektet.

Konklusjon

Utarbeiding av dette planforslaget kan gje konflikt med viktige regionale, nasjonale og internasjonale interesser, og **kan gje grunnlag for at vi vil fremme motsegn**. Dette særleg med omsyn til verdarven Vestlandsk fjordlandskap.

Når vi vurderer å fremme motsegn mot nasjonale eller vesentlege regionale interesser skal vi gjere ei avveging mot andre samfunnsinteresser. Det skal vere ein høgare terskel mot ein plan som legg grunnlag for tiltak som blir vurdert til å vere av vesentleg samfunnsmessig verdi, enn ein plan som vurderast som mindre samfunnsnyttig. Vi føreset difor at ei vurdering av samfunnsnyttan av vegarm til Geiranger går klart fram av planforslaget.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk og vassdrag: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Vedlegg:

- 1 Verdier Vestlandsk fjordlandskap

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STRANDA KOMMUNE	Øyna 13	6200	STRANDA
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST ANLEGG	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
STRYN KOMMUNE	Tonningsgata 4	6783	STRYN
SKJÅK KOMMUNE	Moavegen 30	2690	SKJÅK

VERNEVERDIAR SOM LIGG TIL GRUNN FOR VERDSARVSTATUSEN TIL VESTNORSK FJORDLANDSKAP

Om dokumentet

Erklæring om framifrå universell verdi er ein kortfatta tekst som gjer greie for kvifor Vestnorsk fjordlandskap har verdsarvstatus. Teksten beskriv nærare delverdiane som må takast vare på for at området skal oppretthalde statusen. Delverdiane er fysiske element i landskapet (attributtar). Teksten er vedteke av Unesco sin verdsarvkomite og er ein viktig referanse i alle Unesco-saker der Noreg sine plikter knytt til ivaretaking av området vert drøfta. (sjå vedlegg)

Som støtte i arbeid med arealplanlegging, konsekvensutgreiing og anna forvaltning har vi analysert teksten etter ein metode som Unesco anbefaler. Den går ut på å systematisk plukke ut og liste opp delverdiane (attributtar på "Unesco-språket") som til saman gjer området eineståande. Opplistinga gjer det enklare å passe på at ikkje noko er utegløymt når ein skal greie ut konsekvensar, rapportere tilstand, prioritere kunnskapsinnhenting eller på anna vis drøfte verdsarvområdet. Delverdiane er lista opp i den andre kolona i tabellen på neste side.

Teksten beskriv situasjonen i 2005. Det er slik kvar einskilt delverdi var i 2005 som er utgangspunktet for verdsarvstatusen og referansepunktet. Målet med verdsarvoppfylging er å ivareta denne tilstanden eller å forbetre den.

Tekst som er merka med grønt i tabellen er henta frå den offisielle teksten til Unesco. Tekst i svart er rettleiande tekst utarbeidd i eit samarbeid mellom forvaltningsmynder lokalt, regionalt og nasjonalt. Blå tekst syner kriteriet teksten er knytt til.

Viktige kjelder for nytta i arbeidet:

Statement of Outstanding Universal Value (Erklæring om framifrå universell verdi) <https://whc.unesco.org/en/list/119>

Søknadsdokumentet Noreg sendte Unesco – referert til som "Søknaden" <https://whc.unesco.org/uploads/nominations/1195.pdf>

IUCN sin evaluering av søknaden og tilråding til verdsarvkomiteen (2005) - <https://whc.unesco.org/en/list/1195/documents/>

Rådgevande rapport ved IUCN (2022) - <https://whc.unesco.org/en/list/1195/documents/>

17.oktober 2023

VERDSARVVERDI (sitat Unesco)	DELVERDI Fysisk attributt	KOMMENTAR utfyllande kommentar/forståing	Kjelde til informasjon (ikkje uttømande)
Kriterie (vii) - EINESTÅANDE NATURFENOMEN ELLER OMRÅDE MED EKSEPSJONELT VAKKER NATUR OG ESTETISK VERDI			
<i>The Geirangerfjord and Nærøyfjord areas are considered to be among the most scenically outstanding fjord areas on the planet</i>	<i>The Geirangerfjord area</i>	Geirangerfjordområdet, med alle landskapselement, slik området framsto visuelt i 2005.	Foto og anna dokumentasjon frå 2005
	<i>The Nærøyfjord area</i>	Nærøyfjordområdet, med alle landskapselement, slik området framsto visuelt i 2005.	Foto og anna dokumentasjon frå 2005
<i>Their outstanding natural beauty is derived from their narrow and steep-sided crystalline rock walls that rise up to 1400 m direct from the Norwegian Sea and extend 500 m below sea level. Along the sheer walls of the fjords are numerous waterfalls while free-flowing rivers run through deciduous and coniferous forest to glacial lakes, glaciers and rugged mountains.</i>	<i>narrow and steep-sided crystalline rock walls</i>	Alle bergflater og fjellveggar i fjordsidene, frå 500 meter under havoverflata til 1400 meter over, representerer ein vesentleg verdi	Kart og foto
	<i>numerous waterfalls</i>	Alle fossefall – det store talet eller tettheita av fossar (utallige) representerer ein vesentleg verdi	Kart og Vannportalen mv. Dei 18 største er omtalt på side 41 i søknaden.
	<i>free-flowing rivers</i>	Elver som renn fritt (det at vassdraga er utan inngrep/uregulerte er ein vesentleg verdi opplevingsmessig og ein føresetnad for at dei naturlege geologiske prosessane vert vidareførte)	Kart og Vannportalen mv. Dei 13 største er lista opp på side 41 i søknaden.
	<i>deciduous woodlands and forests</i>	Lauvskogen - enkelttre og større bestandar har vesentleg verdi (visuelt og i naturmangfaldsamanhang) (fra Bleiklindi til Hyskjett mv)	Basiskartlegging. Naturbase.no
	<i>coniferous woodlands and forests</i>	Barskogen - enkelttre og større bestandar har vesentleg verdi (visuelt og i naturmangfaldsamanhang) (Introduserte artar inngår ikkje i delverdien)	Naturbase.no. Heimesider til verneområdestyra.
	<i>glacial lakes</i>	Bresjøar	
	<i>glaciers</i>	Breiar (Fresvikbreen, Syrdalsbreen Skjærdingsdalsbreen, Flydalsbreen, Hestebreen mv)	
	<i>rugged mountains</i>	Fjella (synsrande i områda som opplevingsmessige verdier)	Landskapsanalyse – geologi

<i>a great range of supporting natural phenomena, both terrestrial and marine such as submarine moraines and marine mammals</i>	<i>supporting marine natural phenomena</i>	Biologisk mangfald og terrengformer som steinrasmassar i fjordane og på fjordbotnen	søknaden s 53-54 Naturbase.no
	<i>submarine moraines</i>	Morenar på fjordbotn (landformer på sjøbotn- til dømes endemorenen ved Bakka?)	figur 8 side 35 i søknaden syner eit døme
	<i>marine mammals</i>	Marine pattedyr (sel, nise, kvitnos og kval)	søknaden side 53 rapportar marin verneplan
	<i>supporting terrestrial natural phenomena</i>	Dyreliv på land og i lufta (frå insekt til storvilt og rovfuglar, inkl. kulturbetinga biologisk mangfald)	søknaden s 47-52 raudlisteartar og ansvarsarter. Naturbase.no
<i>Remnants of old and now mostly abandoned transhumant farms add a cultural aspect to the dramatic natural landscape that complements and adds human interest to the area.</i>	<i>Mostly abandoned transhumant farms</i>	Sætre og fjordgardar med tilhøyrande kulturmark og spor etter bruk har kulturell verdi som forsterkar naturopplevinga (ein vesentleg verdsarvverdi)	Søknaden tabell 20 side 58. Askeladden.no Skjøtselsplanar
<i>Several inhabited villages and valleys are found along the fjords and inside the boundaries, and the landscape is supplemented (although not dominated) by remnants of its human historical past, which adds further interest and value to the property.</i>	<i>Inhabited villages and valleys</i>	At det er bygder og gardar der det bur folk, og historiske spor i tettstader og dalføre, tilfører området ekstra verdi og interesse. Det bygde er ikkje dominerande i landskapet.	Søknaden s. 58 - 60 Askeladden.no Skjøtselsplanar. Restaureringsplanar Kommunane sine kulturminneplanar

	Imaterielle verdier (attributtar)		
	<i>beauty, scenically outstanding, dramatic, numerous, free-flowing, rugged, human interest,</i>	Estetikken og inntrykkstyrken til landskapet vart i 2005 evaluert og karakterisert som av framifrå verdi. Den sterke attraksjonskrafta til området er grunnlaget for 150 år med reiseliv	
Kriterie (viii) FRAMIFRÅ DØME SOM REPRESENTERER VIKTIGE FASAR AV JORDHISTORIA, HERUNDER VITNESBYRD OM DEN BIOLOGISKE EVOLUSJONEN, VIKTIGE PÅGÅANDE GEOLOGISKE PROSESSAR SOM FORMAR LANDSKAPET, ELLER VIKTIGE GEOMORFOLOGISKE ELLER FYSIOGRAFISKE ELEMENTER			
<i>The West Norwegian Fjords are classic, superbly developed fjords, considered as the type locality for fjord landscapes in the world</i>	<i>The West Norwegian Fjords</i>	Fem fjordar er utpeika av Unesco som typelokalitet for alle fjordlandskap i verda. Sunnylvsfjorden, Tafjorden, Geirangerfjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden	Kart Unesco
<i>type locality for fjords that still display active geological processes.</i>	<i>Active geological processes</i>	Pågåande erosjon, forvitring og ras er døme på aktive prosesser som utgjer ein vesentleg verdi i fjordlandskapet	
<i>distinguished by the climate and geological setting</i>	<i>geological setting</i>	Geologien, hydrologien og geokjemien (the geological setting) utmerker seg i dette området (korleis mineralar, bergartar og vatn verkar saman) med eit særprega klima. Verdien set fokus på heilskap og samanheng mellom det som skjer på og under bakken, i eller under fjorden	
<i>The ice- and wave-polished surfaces of the steep fjord sides provide superbly exposed and continuous three-</i>	<i>Ice- and wave-polished surfaces of the steep fjord sides</i>	Alle is- og bølgeskura bergflater og bratte fjellsider i området representerer ein vesentleg verdi (gjer det mogleg å lese den geologiske historia)	

<i>dimensional sections through the bedrock.</i>			
<i>Each fjord has a different morphology and geology and displays a different range of geomorphological features. Taken together, the Nærøyfjord and Geirangerfjord areas provide most of the features in their natural relationship that could be expected of a fjord landscape and its geological evolution.</i>	<i>different morphology, geology and geomorphological featuresand its geological evolution.</i>	Det at landformer og særtrekk i dei to delområda er ulike og utfyller kvarandre er ein vesentleg verdi. Det er dei to delområda i lag som kvalifiserer som verdsarv. Den geologiske historia og spor etter den er viktig	Tabell 3 side 14 i søknaden
	<i>geology</i>	Berggrunnen eller geologiske førekomstar som ikkje er synlege (under bakken) er ein vesentleg verdi. (avklart gjennom IUCN rådgivande rapport)	
<i>The two fjord areas include all features that typically characterise a fjord landscape and its geological evolution. These include deep rock basins reaching depths far below sea level, prominent rock thresholds, high and steep cliffs, slide scars, avalanche deposits, moraines, till deposits, hanging valleys, fish-hook or agnor valleys, so-called fish-</i>	<i>deep rock basins</i>	Djupvassbassenga i fjordane slik dei er naturlege gjennom den geologiske historia	Tabell 3 side 14 i søknaden, samt skildring s 28-39 (naturbase.no)
	<i>prominent rock thresholds</i>	Tersklane i fjordane som ikkje består av lausmassar	
	<i>high and steep cliffs</i>	Bratte fjellsider har stor verdi	
	<i>slide scars</i>	Rasrenner	
	<i>avalanche deposits</i>	Ur og rasmassar (Omfattar også rasmassar på fjordbotnen)	
	<i>moraines</i>	Morer (landforma)	
	<i>till deposits</i>	Morenejord (jordarten)	
	<i>hanging valleys</i>	Hengedalar	
	<i>fish-hook or agnor valleys</i>	Agnordalar (Jordalen og Brekkedalen som tidlegare drenerte mot Voss)	

<i>hook or agnor valleys (formed by river capture), glaciers, rivers, waterfalls and surrounding mountain and catchment areas.</i>	<i>glaciers</i>	Brear (Fresvikbreen, Syrdalsbreen Skjærdingsdalsbreen, Flydalsbreen, Hestebreen mv)	
	<i>rivers</i>	Elver	Side 40 og 41 i søknaden
	<i>waterfalls</i>	Fossar	Side 40 og 41 i søknaden
	<i>catchment areas</i>	Nedbørsfelt	Side 40 og 41 i søknaden
	Imaterielle verdier (atributtar)		
<i>considered as the type locality for fjord landscapes in the world</i>	<i>type locality</i>	"Type lokalitet" for alle fjordar verda rundt. (Grønland, Island, USA, Chile, New Zealand mv) Understrekar området sin internasjonale verdi som referanseområde for dette geologiske fenomenet.	Sjå samanliknande analyse s 15-16 i søknaden, samt IUCN sin evaluering av søknaden (2005)
<i>The record of the postglacial isostatic rebound of the crust and its geomorphic expression in the fjord landscape are significant, and represents key areas for the scientific study of slope instability and the resulting geohazards.</i>	<i>record of the postglacial isostatic rebound</i>	Området dokumenterer på ein særleg tydeleg måte landheving og tilhøyrande landformer skapt under siste istid. (eit betydningsfullt geologisk dokument)	
	<i>key areas for the scientific study</i>	Området har særleg verdi sidan det er eit nøkkelområde for forskning på ustabile fjellsider og tilhøyrande geofare	
<i>Of the 200 fjords along the west coast of Norway, Nærøyfjord and Geirangerfjord are the least affected by human activity such as hydroelectric dams and infrastructure</i>	<i>least affected by human activity</i>	Graden av inngrepsfriheit har betydning. Ikkje fritt for inngrep men færre enn i andre fjordar. (magasin/regulerte vatn og infrastruktur er nemnt som døme på inngrep det er færre av enn i andre område)	Kart som viser INON

INTEGRITET, VERN og FORVALTNING			
<i>the boundaries of the serial property are appropriately defined to protect the geological features</i>	<i>the boundaries</i>	Det ligg fagleg argumentasjon og vurderingar bak avgrensinga som etter ei grundig evaluering vart vedteke av Unesco. (Konsekvensar for verdsarvverdiane skal utgreiast om tiltak utafor grensa vil kunne påverke verdiane innafor verdsarvområdet. Kommunane bør legge inn omsynssoner i arealplanane som sikrar at dette vert gjort.)	
<i>Legislation, staffing, budget and institutional structures in place are adequate to ensure its integrity.</i>	<i>legislation</i>	Passande lov- og regelverk må være på plass for å ivareta verdiane.	
	<i>staffing</i>	Det må finnast tilstrekkelege personressursar for å ivareta verdiane	
	<i>budget</i>	Naudsynt budsjett må være på plass	
	<i>institutional structures</i>	Naudsynte institusjonar må være på plass og samarbeide (NB. lokal forvaltning innført etter at området blei innskreve)	
<i>A comprehensive management plan addresses management objectives and includes guidelines for activities to preserve the Outstanding Universal Value in a long-term perspective. The existing monitoring system needs to be further developed.</i>	<i>management plan</i>	Området må ha ein forvaltningsplan som adresserer forvaltningstema og sikrar verdiane for framtida	Forvaltningsplanar for delområda
	<i>guidelines for activities to preserve the Outstanding Universal</i>	Området må ha ein forvaltningsplan som rettleier arbeidet med ivaretaking av verdsarvverdiane	
	<i>monitoring system</i>	Eksisterande opplegg med overvaking av miljøet må utviklast vidare.	Framade artar kartlagt (Geirangerfj.)
<i>Tourism pressures are intense in both fjords, but impacts are limited as most visitors access the property on cruise ships during a short visitor season.</i>	<i>tourism management plans</i>	Verknaden av intenst besøkstrykk er avgrensa grunna kort sesong og konsentrert cruiseturisme. Passande turismeforvaltningsplanar er viktige verktøy for å ivareta verdsarven både frå naturbasert turisme og cruise/ferjer	Besøksstrategiar. Sjå også IUCN rådgjevande rapport (stor auke etter innskriving)

<i>Adequate tourism management plans are an important tool for the long-term conservation of the property's Outstanding Universal Value.</i>			
<i>Mining and underground quarrying is a concern, and any expansion of these activities will not be permitted without an environmental impact assessment. This would ensure that any potential impact, including the export of the mined material and the need for related infrastructure, would not affect the property's Outstanding Universal Value.</i>	<i>environmental impact assessment (mining and quarrying)</i>	Bergverks- og gruvedrift som var der på innskrivingstidspunktet (2005) vart akseptert, men uroa Unesco. All utviding av gruvedrift eller underjordisk uttak av stein, inkl. infrastruktur, skal gjennom ei utgreiing av konsekvensar for verdsarven (alle delverdiane) før det eventuelt vert gjeve løyve/konsesjon. Unesco ynskjer ikkje gruvedrift i verdsarvområde.	
<i>Geohazards are a concern for inhabited areas and existing infrastructure within the property. If more</i>	<i>environmental impact assessments (geohazards)</i>	Konsekvensar for verdsarven av tiltak knytt til rassikring og førebygging må greiast ut detaljert før eventuelle tiltak vert iverksett, slik at ein ivaretek verdsarvverdiane.	

<i>measures to protect people's lives are to be implemented, detailed environmental impact assessments will need to be performed to ensure solutions and measures that will be compatible with the property's Outstanding Universal Value. Risk-preparedness plans integrated in the overall management plan are essential for this property.</i>	<i>Risk-preparedness plans</i>	Plan for risikohandtering er viktig for dette verdsarvområdet sine eineståande universelle verdi	
<i>The legislative regulations embodied in the Norwegian Nature Diversity Act provide long-term protection for the full range of natural values.</i>	<i>long-term protection</i>	Langsiktig lovheimla reguleringar og vern skal være på plass, og Naturmangfaldlova ivaretek dette	(arb med marint vern i sørområdet pågår)
<i>inhabited parts are carefully controlled under the Planning and Building Act and mechanisms such as County, Municipal and Local Development Plans</i>	<i>County, Municipal and Local Development Plans</i>	Kommuneplanar som sikrar omsynet til verdsarvverdiane skal være på plass	

Unesco si grunngeving av at vestnorsk fjordlandskap har framifrå universell verdi

West Norwegian Fjords – Geirangerfjord and Nærøyfjord

Situated in south-western Norway, north-east of Bergen, Geirangerfjord and Nærøyfjord, set 120 km from one another, are part of the west Norwegian fjord landscape, which stretches from Stavanger in the south to Åndalsnes, 500 km to the north-east. The two fjords, among the world's longest and deepest, are considered as archetypical fjord landscapes and among the most scenically outstanding anywhere. Their exceptional natural beauty is derived from their narrow and steep-sided crystalline rock walls that rise up to 1,400 m from the Norwegian Sea and extend 500 m below sea level. The sheer walls of the fjords have numerous waterfalls while free-flowing rivers cross their deciduous and coniferous forests to glacial lakes, glaciers and rugged mountains. The landscape features a range of supporting natural phenomena, both terrestrial and marine, such as submarine moraines and marine mammals.

Outstanding Universal Value

Brief synthesis

The starkly dramatic landscapes of Geirangerfjord and Nærøyfjord are exceptional in scale and grandeur in a country of spectacular fjords. Situated in south-western Norway, these fjords are among the world's longest and deepest, and vary in breadth from just 250 m to 2.5 km wide. Fjord, a word of Norwegian origin, refers to a long, deep inlet of the sea between high cliffs formed by submergence of a glaciated valley. These two West Norwegian fjords are considered to be classic and complementary examples of this phenomenon, a sort of type locality for fjords that still display active geological processes.

Numerous waterfalls and free-flowing rivers, deciduous and coniferous woodlands and forests, glacial lakes, glaciers, rugged mountains and a range of other natural attributes combine towards making Geirangerfjord and Nærøyfjord among the most scenically outstanding landscapes in the world. A serial property covering an area of 122,712 ha, of which 10,746 ha is sea, these two fjords are separated from each other by a distance of 120 km. They form part of the West Norwegian fjord landscape, which stretches 500 km from Stavanger in the south to Åndalsnes in the north-east. Several inhabited villages and valleys are found along the fjords and inside the boundaries, and the landscape is supplemented (although not dominated) by remnants of its human historical past, which adds further interest and value to the property.

Criterion (vii): The Geirangerfjord and Nærøyfjord areas are considered to be among the most scenically outstanding fjord areas on the planet. Their outstanding natural beauty is derived from their narrow and steep-sided crystalline rock walls that rise up to 1400 m direct from the Norwegian Sea and extend 500 m below sea level. Along the sheer walls of the fjords are numerous waterfalls while free-flowing rivers run through deciduous and coniferous forest to glacial lakes, glaciers and rugged mountains. There is a great range of supporting natural phenomena, both terrestrial and marine such as submarine moraines and marine mammals. Remnants of old and now mostly abandoned transhumant farms add a cultural aspect to the dramatic natural landscape that complements and adds human interest to the area.

Criterion (viii): The West Norwegian Fjords are classic, superbly developed fjords, considered as the type locality for fjord landscapes in the world. They are comparable in scale and quality to other existing fjords on the World Heritage List and are distinguished by the climate and geological setting. The property displays a full range of the inner segments of two of the world's longest and deepest fjords, and provides well-developed examples of young, active glaciation during the Pleistocene ice age. The ice- and wave-polished surfaces of the steep fjord sides provide superbly exposed and continuous three-dimensional sections through the bedrock. The record of the postglacial isostatic rebound of the crust and its geomorphic expression in the fjord landscape are significant, and represent key areas for the scientific study of slope instability and the resulting geohazards.

Integrity

The two fjord areas include all features that typically characterise a fjord landscape and its geological evolution. These include deep rock basins reaching depths far below sea level, prominent rock thresholds, high and steep cliffs, slide scars and avalanche deposits, moraines, till deposits, hanging valleys, so-called fish-hook or agnor valleys (formed by river capture), glaciers, rivers, waterfalls and surrounding mountain and catchment areas. Each fjord has a different morphology and geology and displays a different range of geomorphological features. Taken together, the Nærøyfjord and Geirangerfjord areas provide most of the features in their natural relationship that could be expected of a fjord landscape and its geological evolution. The boundaries of the serial property are appropriately defined to protect the geological features and the areas required to maintain the scenic qualities of the property. Legislation, staffing, budget and institutional structures in place are adequate to ensure its integrity.

Of the 200 fjords along the west coast of Norway, Nærøyfjord and Geirangerfjord are the least affected by human activity such as hydroelectric dams and infrastructure. Peridotite is currently quarried outside, but close to the Geirangerfjord component of the property and plans exist for another quarry nearby. These impacts are localized, and restoration will take place when extraction ceases. Underground extraction of anorthosite takes place in the Nærøyfjord area, and this may expand in the future. Though not directly adjacent to the fjord itself, the plant has a visual impact from the road in the Nærøydalen valley.

Protection and management requirements

The majority of the property is protected as an IUCN Category V "Protected Landscape" and several small areas within this are Category I "Strict Nature Reserve". The legislative regulations embodied in the Norwegian Nature Diversity Act provide long-term protection for the full range of natural values. While private lands make up 85% of the property, inhabited parts are carefully controlled under the Planning and Building Act and mechanisms such as County, Municipal and Local Development Plans.

An effective management system includes advisory committees and a management council that meets regularly to facilitate the necessary management cooperation and co-ordination. A "Declaration of Intent" signed by all the relevant national agencies and the Borough Councils, County Councils and County Governors outlines the cooperative measures and "guarantees that the values in the area will endure."

A comprehensive management plan addresses management objectives and includes guidelines for activities to preserve the Outstanding Universal Value in a long-term perspective. The existing monitoring system needs to be further developed.

Tourism pressures are intense in both fjords, but impacts are limited as most visitors access the property on cruise ships during a short visitor season. Adequate tourism management plans are an important tool for the long-term conservation of the property's Outstanding Universal Value.

Mining and underground quarrying is a concern, and any expansion of these activities will not be permitted without an environmental impact assessment. This would ensure that any potential impact, including the export of the mined material and the need for related infrastructure, would not affect the property's Outstanding Universal Value.

Geohazards are a concern for inhabited areas and existing infrastructure within the property. If more measures to protect people's lives are to be implemented, detailed environmental impact assessments will need to be performed to ensure solutions and measures that will be compatible with the property's Outstanding Universal Value. Risk-preparedness plans integrated in the overall management plan are essential for this property.

Kjelde

<https://whc.unesco.org/en/list/1195>

Sentrale retningslinjer om verdsarvoppfylging og anna verdsarvpolitikk med betydning for forvaltning av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (ikkje uttømande)

Nasjonal politikk

Meld. St.16

- *Fylkeskommuner og kommuner har en viktig rolle i å oppfylle forpliktelsene. Regional og kommunal planlegging er helt avgjørende for å sikre de verdiene som ligger til grunn for at de åtte norske verdensarvområdene er gitt verdensarvstatus, jf. figur 12.1.*
- *videreføring av prinsippet om at verdensarvområdene skal utvikles som fyrtårn for beste praksis innenfor natur- og kulturmiljøforvaltningen, samt å prioritere å sikre den verdensarven vi har i dag*

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027

- *Regjeringens forventninger: Nr 54. Hensynet til verdensarvverdiene sikres gjennom helhetlig samfunns- og arealplanlegging.*

Rundskriv T-2/16 Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis

- *3.9 Kulturhistoriske verdier og naturmangfoldverdier knyttet til landskap. Innsigelse skal vurderes når planforslaget vil komme i konflikt med: - Verdensarvområder (Bergstaden Røros, Vegaøyan, Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Industrieren Rjukan-Notodden).*

M-1941 | Konsekvensutredning av verdensarv

- *Utredning av konsekvenser av plan eller tiltak som kan berøre verdensarvområder må oppfylle de ordinære kravene i KU-forskriften for alle relevante tema knyttet til planen eller tiltaket. Vi viser her til håndbokas øvrige kapitler for ulike miljøtema. I tillegg medfører status som verdensarv at utredningen må oppfylle krav til utredning i UNESCOs veileder om utredning av verdensarv.*
- *Ved utredning av planer eller tiltak som kan ha konsekvenser for FUV, bør det være dialog med Unesco, slik at de har mulighet til å vurdere planforslaget og konsekvensene av dette.*
- *Bruk personell med god KU-kompetanse og kompetanse på opprettelse og forvaltning av verdensarvområder.*
- *Den som utreder verdensarv knyttet til natur, skal ha naturfaglig kompetanse som grunnlag for utredning.*

Internasjonalt

Dei operasjonelle retningslinene for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen <file:///C:/Users/GAUSON/Downloads/document-57-39.pdf>

- *Unesco-dokument og rettleiar som gjer greie for krav, forventningar og regelverk knytt til nominering og forvaltning av område med verdsarvstatus. Døme på tema: grensendring, konsekvensutgreiing, varsling, rapportering, forvaltningplaner mv*

Verdsarvkomiteen sin gjeldande politikk <https://whc.unesco.org/en/compendium/>

- *Døme;*
- *The World Heritage Committee reiterates that mining activities and oil and gas exploration and exploitation are incompatible with World Heritage status (based on Case law on decisions on the State of Conservation).*

Tematiske rettleiarar

- Konsekvensutgreiing i verdsarvområde <https://whc.unesco.org/en/guidance-toolkit-impact-assessments/>
- Forvaltning av naturverdsarv <https://whc.unesco.org/en/managing-natural-world-heritage/>
- Risikohandling <https://whc.unesco.org/en/managing-disaster-risks/>
- Marin verdsarv <https://portals.iucn.org/library/node/29196>
- Forvaltningsplanlegging for naturverdsarv (2008) <https://portals.iucn.org/library/node/9485>
- Verktøy for forvaltningsgjennomgang med tanke på forbedring <https://portals.iucn.org/library/node/45919>

Konklusjon og anbefalingar i rådgjevande IUCN rapport, sept 2022

- a. Det bør gjennomføres en grundig strategisk miljøkonsekvensutredning av de kumulative virkningene på den fremragende universelle verdien for hele verdensarvområdet. Denne bør utrede de mange forskjellige kildene til press, inkludert gruvedrift, turisme, havbruk og infrastruktur siden verdensarvområdet ble innskrevet på verdensarvlisten, og inkludere alle eksisterende og planlagte utbyggingsprosjekter.
- b. Det bør sikres at utredningene av mulige virkninger på den fremragende universelle verdien fra enkeltprosjekter i pågående miljøkonsekvensutredninger følger kravene i den nye veilederen for konsekvensutredninger i verdensarvsammenheng (som erstatter veiledningsnotatet fra IUCN om miljøkonsekvensutredning av verdensarv) og inkluderer utredning av virkningene på delverdiene som bidrar til den fremragende universelle verdien.
- c. Forvaltningsplanen for verdensarvområdet bør revideres for å
 - styrke den samlede tilstedeværelsen av den fremragende universelle verdien i forvaltningsplanen

- ferdigstille listen over delverdiene som bidrar til den fremragende universelle verdien og ved hjelp av GIS-lag visualisere geografisk plassering og distribusjonen av dem
- sikre en harmonisering av forvaltningsplanene for de to delene av verdensarvområdet og vurdere å ha en felles forvaltningsplan for hele området eller i det minste en felles visjon og felles strategiske mål for de to delene av området
- inkludere en utredning av den nåværende tilstanden og de nåværende trendene, truslene og utsiktene for den fremragende universelle verdien basert på delverdiene til den fremragende universelle verdien
- inkludere et kapittel om overvåking og nøkkelindikatorer for bevaringstilstanden i forvaltningsplanen
- vurdere revidering av forvaltningssonen med sikte på ytterligere å redusere gnisningene mellom ulike brukergrupper og aktiviteter og styrke vernet av den fremragende universelle verdien

d. Det bør lages en strategisk reiselivsplan med et overordnet mål om å styrke beskyttelsen av den fremragende universelle verdien basert på en utredning av bæreevnen til populære besøkssteder og ruter i området.

e. Enhver ny eller økt industriell virksomhet som er uforenlig med verdensarvområdet og svekker dets integritet, bør unngås.

f. Handlinger som ytterligere øker det negative presset fra trafikk og turisme på verdensarvområdet, bør unngås.

g. Gruvedriften i verdensarvområdet bør fases ut så snart som mulig, og gruveområdene bør settes tilbake til sin opprinnelige stand i samråd med IUCN og Unescos verdensarvsenter.

h. Langtidslagring av farlig avfall i verdensarvområdet bør unngås.